



**I SAME BÅT:** — Eg skal prøva å dra deg mot venstre, seier Bjarte Håkon Kaldestad (t.h.) til Leif Arne Vangsnes (t.v.). Gunvor Sønnesyn og Kari Kronstad Pedersen har fullt nok med å halda oppe balansen i sentrum, medan dei sju skal stå samtidig oppe på ein liten, firkanta boks.

— Til ei forandring går det an å prøva, meinte Bjarte Håkon Kaldestad, RV, og gjorde alt som Leif Arne Vangsnes frå erkefienden Frp sa. Alt i teamverket si ånd, i Bavallen torsdag.

# Flying start for folkevalde

Sjeldan har RV vore så avhengige av å samarbeida godt med Frp – og omvendt – som i Bavallen torsdag. Og ikkje skulle berre desse to partia jobba godt saman – her galdt det å få til samspel over heile fjøla mellom både Ap, Sp, KrF, V og SV.

**I STADEN FOR** å sveitta over manglande millionar i budsjettet, var dei folkevalde i ein uvanleg «setting» torsdag. Teamwork stod på dagsorden, inne og ute i Bavallen, med allversjaker, gummistovlar og gorex-sko som antrekk. Og i staden for ein buldrande Bjørn Christensen som sjef, var det Eli-Karin Yndestad, Jan Einar Thorsen og Øyvind Wæhle som hadde kommando som innpiskarar.

25 av dei 43 representantane i Voss kommunestyre møtte opp, og fekk ein dag som i alle fall var veldig kjekk. Tusen-kronersspørsmålet er om kommunestyret kjem til å gjera ein betre jobb dei neste fire åra som fylgje av seminaret. Spannande er det, sidan vossingane truleg er første kommunestyret i landet som tek i bruk slike metodar.

**«LAGBYGGERNE» I BAVALLEN** seglar i medvind med opplegget sitt. Dei har fått fleire tunge kundar, som Statens Vegvesen og Statoil. Nyleg tok vossingane også med sakene til København for å formidla prinsipp for teamwork for Statoil-tilsette. Men har dei teke seg vatn over hovudet med å få politikarane i Voss kommunestyre, frå ystete venstre til ystete høgre, til å samarbeida?

**SEANSEN STARTA INNE** i Varmestova, der Eli-Karin Yndestad gjennomførte typologi-test og formidla prinsipp for teamwork.

Ho understreka at me menneske har ulike måtar å oppfatta og angripa sakene på. Me har ulike sterke sider, ulik «typologi».

Med forståing for kva som skjer i gruppesamanheng, kan ein lettare halda flyt i kommunikasjonen. For at prosessen skal fungera, må åtte arbeidsselement ivaretakast. Nokre har til dømes sin styrke på nytenking – andre på idéutvikling eller gjennomføring.



**TEAMWORK:** Alle må dra i same retning og jobba som dei vart samde om på førehand for å få bøtta opp på kroken (oppe i venstre hjørne). Attpåtil lyt teamet finna seg i tett filming frå NRK. Frå venstre Bjarte Håkon Kaldestad, Gunvor Sønnesyn, Solvor Dolve, Elin Irene Øvstedal og Kari Kronstad Pedersen.

— Clouet i teamwork er å bruka kvarandre sine sterke sider, sa ho.  
— Alle her i kommunestyret har tankar for Voss. Skal me få til noko, må me samarbeida, og bruka kvarandre sine sterke sider, oppmoda Yndestad.

**ETTER EI TANKEVEKKJANDE** innleiing, var det tid for å omsetja teori til praksis. Representantane vart delte inn i fire grupper, og skulle løysa fem oppgåver.

— Felles for oppgåvene er at du ikkje har sjanse til å klara dei aleine, forklarte Øyvind Wæhle og Jan Einar Thorsen.

Men med teamwork og samarbeid skulle alle bli sterkare. Bjarte Håkon Kaldestad frå RV og Leif Arne Vangsnes frå Frp hamna på same gruppa, og fekk ein gylden sjanse til å testa ut samarbeid.

Med Kari Kronstad Pedersen og Solvor Dolve frå Ap, Elin Irene Øvstedal, Sp, og Gunvor Sønnesyn, KrF, som brubyggjarar, fann Frp og RV tonen. Først i plan-

leggingsfasen, så i gjennomføringa.

Med bind for augo skulle gruppa bera ei bøtte vatn på ei stong – med Leif Arne Vangsnes som sjåande sjef. Han dirigerte Bjarte Håkon Kaldestad i front for gjenget med bøtta, mot målet med å hengja bøtta på ein krok oppe på eit tre.

Og oppsiktsvekkjande nok fylgde RV direktiva frå Frp.

— Eg fann ut at viss eg ikkje høyrde på deg, så kom eg til å verta vål!, erkjente

RV-aren Kaldestad i diskusjon med Frp-aren Vangsnes etterpå – medan bøtta hang fint på kroken.

— For meg er det eitt feitt kven eg samarbeider med, forsikra Vangsnes nøgd.

Men kva var vassbering i skogen å gjera med samarbeid i kommunestyret? Øyvind Wæhle formidla poenget.

— Når me først har hatt ein prosess med planlegging og deretter har teke ei avgjerd, så må me gå for det me har bestemt. Då kan me gå langt, sa Wæhle.

**TEAMWORKET VART SETT** på prøve i ulike variantar, og replikkane sat laust. — Eg får dra i RV, sa Vangsnes, medan Kaldestad svara med at «eg skal prøva å dra deg mot venstre».

Men dei var dyktige, og hausta skryt. — Eg er heilt imponert over korleis de løysar oppgåva! Og det gjeld heile kommunestyret. Dette ser lovande ut, påstod Eli-Karin Yndestad til dei politiske motpolane.

Attpåtil måtte Kaldestad og Vangsnes svara på spørsmål i dei mest kritiske augneblinkane frå den pågåande NRK-reporteren som dekkja saka.

— Det er ei «aoheft» med desse forbaske journalistane. Dei har hange i hælane på meg heile tida, klagde Vangsnes.

**NO STÅR DET ATT** å sjå effekten, som nok er vanskeleg å måla. Men Yndestad minna om at dette var ei innføring, og at teamwork tek tid.

Terje Aas, Ap, og Ivar Lunde, Sp, var mellom dei som meinte dette avgjort vil ha positiv innverknad på samarbeidet i kommunestyret.

Kamphanane Kaldestad og Vangsnes utelukka heller ikkje positive fylgjer.

— Det vert lettare å koma i kommunestyret, for no er ikkje dei andre berre eit fjos for oss. Me har kome lengre inn på dei me skal arbeida med, hevda Leif Arne Vangsnes.

— Kva med samarbeid?

— Det vert nok sakene som avgjer om det vert samarbeid eller ikkje i kommunestyret. Men eit slikt tiltak kan kanskje føra til ein betre tone oss imellom, meinte Bjarte Håkon Kaldestad, for RV-aren og Frp-aren rusla i lag ut av «arenaen».

GEIR GEITLE | tekst  
VIDAR HERRE | foto  
redaksjon@avisa-hordaland.no



**RASK FORFLYTTING:** Både Einar Horvei, Solvor Dolve og Ivar Lunde viser evne til å snu raskt på hælen, og finna seg nye posisjonar.



**FRP DIRIGERER:** Leif Arne Vangsnes må stå i røkkeringen, og dirigerer resten av teamet. Dei skal med bind for augo gå innover i skogen og hengja vassbøtta opp på ein krok på eit tre.



**DER HENG HO:** Etter godt samarbeid mellom Frp og RV, når dei målet, og hengjer bøtta på kroken.



**FLYING START:** Leiv Arne Mosefinn (f.v.), Bjarte Gjerme og kollegaene hans i kommunestyret ser ut til å finna balansen i uvante posisjonar ved hjelp av kvarandre sin styrke.